



Kunnskapsdepartementet  
Avdeling for høyere utdanning, forskning og internasjonalt arbeid  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

DERES REF:

AIH/JP

DATO:

12.07.2018

## **Høyringsuttale – RETHOS – sosionom- og barnevernpedagogutdanninga**

### **Kommentarar til sosialfagutdanningane (vernepleie, sosionom, barnevern)**

Utkastet til retningsliner for BSV- utdanningane er ulikt oppbygd, har ulike format og det er brukt ulike omgrep/formuleringar på same innhald. Dette gjer det krevjande å få oversikt over kva som er likt og ulikt i BSV-utdanningane.

Retningslinjene bør utformast langt meir heilskapleg - ikkje i innhald, men i oppbygging.

Omtale av «Kunnskapsområde» bør være obligatorisk i beskrivinga av alle utdanningane. Språkbruken kring kunnskap i LUB`ane er også uheldig. I høgare utdanning bør ein gå vekk frå bruk av «**kjennskap til**» som gradering av kunnskap, og gå over til å snakke om «**kunnskap**».

Omtale av «Praksis» bør være obligatorisk i beskrivinga av alle utdanningane. Ein bør framheve kompetanseområda til utdanningane, meir enn brukargrupper eller feltspesifikke områder.

Det bør arbeidast for betre samordning på tvers av utdanningane: Det er viktig å sjå BSV utdanningane i samanheng, og samstundes samordne BSV-utdanningane på tvers av kompetanseområda slik at det blir tydeleg kva som er likt og ulikt. Slik vil det vere meir tydeleg kva som er det spesifikke i kvar enkelt utdanning.

### **Kommentarar til sosionomutdanninga**

Arbeidsfeltet og kunnskapsområda til sosionomutdanninga trengs å tydeleggjerast på ein betre måte. Det bør kome fram kva som er sentrale kunnskapsområde. Hovudintensjonen bør kome tydelegare fram. Kunnskapsområda må rettast mot sosionomfagleg

- A: Forebygging
- B: forvaltning
- C: sosialt arbeid

Detaljeringsgraden i retningslinjene er for omfattande. Inkludert LUBar i felles i Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialarbeidarutdanningar er det 63 læringsutbyttebeskrivingar. Er utdanningane og praksisfeltet tente med detaljeringsnivået? Og korleis skal utdanningane forholde seg til det store talet på LUBar som skal danne grunnlag for utforming av LUBar for kvar grunnutdanning? Nivået i utdanninga må reflekterast tydelegare: er læringsutbytta beskrivne for store i mengde til å kunne klare alt innan tre år? Breidda blir for stor slik framlegget er no og det er mykje som skal dekkast innanfor ein bachelorgrad. Kva treng studentane kompetanse om på dette nivået og kva kan ivaretakast igjennom spesialisering og vidareutdanningar vidare?

Praksisstudiar: Kvar kjem tal på veker frå? Det er vanskeleg å finne fagleg argumentasjon for storleik på praksisstudiar i RETHOS. Og det er også vanskeleg å finne svar på kva for LUB-ar det tenkt skal dekkast gjennom praksisstudiane? Vidare bør det være konsekvent ordbruk her- praksisstudiar, ikkje praksis.

Tittelen på utdanninga bør vere «Bachelor i sosialt arbeid – Sosionom». Finansiering av studiet må også vere på linje med barnevernspedagogutdanninga. Ferdigheitstrening i sosionomutdanninga er kostnadskrevjande på like vilkår.

Sjølv om Høgskulen i Volda allereie har kritisert både detaljeringsgrad og mengde av læringsutbyttebeskrivingar i RETHOS, er det likevel noko vi saknar i retningslinjene og som vi meiner bør innarbeidast:

- Familieperspektivet og heilskapleg tilnærming som sentral kompetanse
- Metodisk ferdigheitstrening vedrørande arbeidsmåtene i sosialt arbeid. Dette bør kome på linje med meir analytisk ferdigheitstrening som framlegget til retningslinjer synes å legge vekt på. Metodisk ferdigheitstrening bør inn som underpunkt under Brei kunnskap.
- I retningslinjene bør det kome fram kva som er sentrale fokus når det gjeld arbeidsområder som sosionomutdanninga utdannar kandidatar for på arbeidsmarknaden.
- Spesifikke arbeidsmetodar/ferdigheiter ein utdannar studentane til i høve ulike klientgrupper. Her under Individuelt sosialt arbeid, Sosialt arbeid med grupper, Familiararbeid, Nettverksarbeid, Samfunnsarbeid (kontekstdifferensiert relasjonsarbeid, endringsarbeid).
- Det bør kome tydelegare fram kor viktig det er at sosionomar har kjennskap til planprosessar, for å vere i stand til på eige initiativ å kunne beskrive problemskapande forhold og foreslå tiltak.
- Det blir for snevert å avgrense Sosialt arbeid i eit urfolks- og minoritetsperspektiv til det samiske folket, retningslinjene bør ha eit opnare fokus som fevnar om alle urfolk og minoritetar.

## Kommentarar til barnevernpedagogutdanninga:

Retningslinene er svært detaljerte og spesifiserte, og dermed blir det lite handlingsrom for utdanningane i utforming av læringsutbytte tilpassa lokale forhold og kontekster. Utkastet til retningsliner for BSV- utdanningane er ulikt oppbygd, har ulike format og det er brukt forskjellige begrep på same innhald. Dette gjer det krevjande å få oversikt over kva som er likt og ulikt i BSV-utdanningane. Retningslinene peiker mot ei «etatsutdanning» innan kommunalt barnevern. Dette er uheldig, då barnevernspedagogar har viktige bidrag også inn mot andre arbeidsfelt. Formålet er avgrensa til «*Identifisere behov og hjelp til barn, unge og deres familier som lever i en utsatt livssituasjon*». Formuleringa må inkludere førebyggjande arbeid.


Tittelen «Bachelor i barnevern» tilseier at barnevernspedagogen berre kan arbeide innan barnevern. Forslag til formulering: Bachelor i sosialt arbeid - barnevernspedagog»

Retningslinene manglar definerte kunnskapsområde, slik retningsliner for dei andre BSV-utdanningane har. Ei slik avklaring vil kunne gi barnevernspedagogutdanninga ein klarare profil. Retningslinene manglar også ei overordna tolking av barnevernspedagog-profesjonens viktige verdiar, eks brukarmedvirkning, meistring, og empowerment.

Strukturperspektivet er for lite til stede i læringsutbytta. Følgjande kan stå i tillegg: «Kandidaten har bred kunnskap om sosiale problem, om korleis dei oppstår og utviklar seg i ein samfunnsmessig samanheng». Det å ha brei kunnskap om "Juss i et barnevernfagleg perspektiv" seier for lite om behov for ferdigheiter i å bruke juridisk metode på konkrete saker. Vi etterlyser difor tydelegare tematisering av forvaltningsrett og sakshandsaming. Det blir for snevert å avgrense Sosialt arbeid i eit urfolks- og minoritetsperspektiv til det samiske folket, retningslinene bør ha eit opnare fokus som fevnar om alle urfolk og minoritetar.

Praksis «Skal gjennomføres i direkte arbeid med barn, unge og deres familier, Fortrinnsvis i kommunalt og statlig barnevern, i institusjon for utsatte barn og unge, EMA mottak, barne- og ungdoms psykiatri og andre tiltak rettet mot utsatte barn.» Dette innskrenkar barnevernspedagogen sitt arbeidsområde. I tillegg er det også ei utfordring å finne tilstrekkeleg tal praksisplassar innan desse tenesteområda. I utkast til retningsliner heiter det at praksis «skal utgjøre mellom 20-24 uker, derav 14 uker sammenhengende». Dette vil i tilfelle gi ein heilt annan praksissituasjon enn i dag. Forslag til formulering: «Klientretta praksis i studiet skal utgjere minimum 14 veker samanhengande.».

Volda, 12.07. 2018



Ann-Iren Høgalmen

For Institutt for sosialfag

Jarle Pedersen

Instituttleiar

# Høring RETHOS fase1

**Hvordan besvare høringen?** Høringen av de foreliggende utkastene til retningslinjer for de åtte helse- og sosialfagutdanningene er omfattende: Over 800 høringsinstanser får tilsendt høringen.

Derfor har vi valgt Questback for lettere å kunne gjennomgå og analysere store mengder tilbakemeldinger.

I Questbacken er det mulig å sende svar for én, flere eller alle utdanningene. Man krysser av for de utdanningene man ønsker å gi innspill på. Spørsmålene for utdanningene man har valgt vil da komme på hver sin side gjennom questbacken.

Etter de generelle spørsmålene for hver enkelt utdanning, kommer det noen spesifikke spørsmål som har vært diskutert underveis og som det ønskes høringsinnspill på.

Høringen gjennomføres ved hjelp av en kombinasjon av faste svarkategorier med muligheter for fritekst, og åpne spørsmål.

Vi presiserer følgende ved utfylling av skjema:

- Det anbefales å printe ut PDF-filen som viser en oversikt over alle høringsspørsmålene og utarbeide ferdige formuleringer til svar som ved utfylling limes inn i skjema
- Det er ikke mulig å mellomlagre underveis i skjema: Vi anbefaler derfor å forberede alle svarene på forhånd

Ved institusjoner hvor høringsinnspill koordineres sentralt, kan enten alle høringsinnspill sendes inn hver for seg (men merkes samme institusjon), eller det kan føres over i ett koordinert svar.

Ved innsendingen oppgir du en e-postadresse. Bekreftelse på mottatt høringssvar blir sendt til denne e-postadressen. Ethvert høringssvar regnes som saksdokument (offentlighetsloven § 4). Høringssvar regnes som offentlig informasjon, og alle høringssvar som kommer inn, vil bli publisert på regjeringen.no. E-postadressen vil ikke bli offentliggjort på regjeringen.no

Skriv inn din e-postadresse:

## Høringssvaret kommer fra

- Universitet/høyskole

- Kommune
- Statlig etat
- Fylkesmannen
- Regionale helseforetak (RHF)/helseforetak (HF)
- Private sykehus
- Andre private helseinstitusjoner
- Fagforening
- Interesseorganisasjon
- Brukerorganisasjon
- Privatperson
- Annet

**Navn på avsender av høringen (hvilket universitet/høyskole, kommune, statlig etat, brukerorganisasjon osv.)**

Høgskulen i Volda, Institutt for sosialfag

**Hvilke retningslinjer vil du gi innspill på? (her velger du alle de retningslinjene du vil gi innspill på. Det må velges minst en.)**

- Barnevernspedagogutdanningen
- Bioingeniørutdanningen
- Ergoterapeututdanningen
- Fysioterapeututdanningen
- Radiografutdanningen
- Sosionomutdanningen
- Sykepleierutdanningen
- Vernepleierutdanningen

Neste >>

# Høring RETHOS fase1

## Barnevernspedagogutdanningen

### Generelle spørsmål om retningslinjen

**Barnevernspedagogutdanningen: I hvilken grad vurderes utkast til retningslinjen å være i tråd med tjenestenes fremtidige kompetansebehov? Besvar på en skala fra 1 -5, der '1' betyr 'svært liten grad' og '5' betyr 'i svært stor grad'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

### Begrunn svaret

Det er umogleg å vite kva som er framtidige kompetansebehov i kommunal barnevernteneste og i institusjonsbarnevernet. Difor er dette eit spørsmål det er vanskeleg å gi svar på - altså "vet ikke". Kompetansebehovet varierar med politiske vedtak, med oppgåver og ansvar, og med kva brukargrupper som til ei kvar tid fremmar sine behov.

334/4000

**I hvilken grad vurderes utkast til retningslinjen å være i tråd med brukernes fremtidige behov for kompetanse i tjenestene? Besvar på en skala fra 1 -5, der '1' betyr 'i svært liten grad' og '5' betyr 'i svært stor grad'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

### Begrunn svaret

Kva som er brukarane sine framtidige behov for kompetanse er også vanskeleg å føreseie. Kven er dei framtidige brukarane? Kva sosiale problem vert definerte i velferds- og sosialpolitikken? Kva lokale, nasjonale og globale utfordringar står vi overfor i framtida, som kan påverke både barn og familiar og dei velferdstenestene barnevernet er ein del av?

353/4000

**Hvordan vurderes graden av detaljering med hensyn til utdanningsinstitusjonens behov for autonomi (mulighet for lokal tilpasning) og behovet for nasjonal standardisering å være ivaretatt i læringsutbyttebeskrivelsene? Besvar på en skala fra 1 -10, der '1' er 'alt for detaljerte' og '10' er 'alt for generelle'**

- 1    2    3    4    5    6    7    8    9
- 10    Vet ikke

### Begrunn svaret

HVO meiner detaljeringsgraden er for høg, noko som kjem til uttrykk i over 60 læringsutbyttebeskrivingar (inkludert LUBar i felles retningslinjer). Dette opnar ikkje opp for - men bidreg heller til å stenge for lokalt handlingsrom og tilpassing i studie- og emneplanar

267/4000

**Er det noen typer kompetanse som mangler i høringsutkastet til retningslinje?**

Slik RETHOS er utarbeidd pr i dag er det vanskeleg å indentifisere barnevernet sin kjernekompetanse. Vi saknar det strukturelle perspektivet på barnevernet, og etterlyser tematisering av forvaltningsrett og sakshandsaming. Det er også klare manglar når det gjeld overordna tolking av barnevernspedagog-profesjonen sine viktige verdiar som brukarmedverknad, meistring og empowerment.

385/4000

**Er beskrivelsen av den delen av utdanningen som foregår i praksis (praksisstudiet) hensiktsmessig og gjennomførbar?**

- Ja
- Nei
- Vet ikke

**Begrunn svaret**

0/4000

**I hvilken grad er omfanget på retningslinjen gjennomførbart innenfor rammene av en 3-årig bachelorutdanningen? Besvar på en skala fra 1-5 der '1' er 'alt for lite omfattende' og '5' er 'alt for omfattende'**

- 1    2    3    4    5    Vet ikke

**Begrunn svaret**

Å omorganisere utdanningane frå forskrifter som definerer vektning av dei ulike faga i studiepoeng, til organisering av utdanning basert på studentane sitt utbytte i etterkant vil vere eit stort fagleg og pedagogisk arbeid. Det er i forkant vanskeleg å vurdere grad av "gjennomførbarheit" basert på dei læringsutbytteformuleringane som ligg føre i utkastet, men vi vil på generell basis påpeike at detaljeringsgrada i LUBane vil gjere det utfordrande.

449/4000

**Er det andre høringsinnspill?**

Retningslinene peikar mot ei "etatsutdanning" innan kommunalt barnevern, noko som er uheldig då barnevernspedagogar har viktige bidrag også inn mot andre fagområder. Retningslinene manglar også definerte kunnskapsområder, som ville kunne gi barnevernspedagogar ein klarare profil.

281/4000

&lt;&lt; Tilbake

Neste &gt;&gt;

22 % fullført



# Høring RETHOS fase1

## Sosionomutdanningen

### Generelle spørsmål om retningslinjen

**Sosionomutdanningen: I hvilken grad vurderes utkast til retningslinjen å være i tråd med tjenestenes fremtidige kompetansebehov? Besvar på en skala fra 1 -5, der '1' betyr 'svært liten grad' og '5' betyr 'i svært stor grad'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

### Begrunn svaret

Svaret må verte "Veit ikkje" fordi det å anslå dei framtidige kompetansebehova for alle dei tenesteområda der sosionomar arbeidar er umogleg. Den store diversiteten i yrkesarena er noko som særmerker sosionomar, og kompetansebehova vil ha tilsvarande stor diversitet avhengig av mandat, oppgåver, roller, delegasjon og målgruppe.

329/4000

**I hvilken grad vurderes utkast til retningslinjen å være i tråd med brukernes fremtidige behov for kompetanse i tjenestene? Besvar på en skala fra 1 -5, der '1' betyr 'i svært liten grad' og '5' betyr 'i svært stor grad'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

### Begrunn svaret

Sjå kommentar på førre spørsmål.

32/4000

**Hvordan vurderes graden av detaljering med hensyn til utdanningsinstitusjonens behov for autonomi (mulighet for lokal tilpasning) og behovet for nasjonal standardisering å være ivaretatt i læringsutbyttebeskrivelsene? Besvar på en skala fra 1 -10, der '1' er 'alt for detaljerte' og '10' er 'alt for generelle'**

- 1    2    3    4    5    6    7    8    9
- 10    Vet ikke

**Begrunn svaret**

Sjå utfyllande kommentarar i brev.

34/4000

**Er det noen typer kompetanse som mangler i høringsutkastet til retningslinje?**

Sjå utfyllande kommentarar i brev.

34/4000

**Er beskrivelsen av den delen av utdanningen som foregår i praksis (praksisstudiet) hensiktsmessig og gjennomførbar?**

- Ja
- Nei
- Vet ikke

**Begrunn svaret**

Overskrifta på teksten som er beskrivande for praksis er "Krav til studiets oppbygning" der det på ein heilt annan måte enn for barnevernspedagog blir lagt føringar for kva som skal/bør leggest til dei ulike årstrinna. Det er uheldig at retningslinene for nære utdanningar har så ulik utforming. Krav til/forventningar om praksisstudia sitt innhald og omfang bør kome klarare fram i RETHOS.

391/4000

**I hvilken grad er omfanget på retningslinjen gjennomførbart innenfor rammene av en 3-årig bachelorutdanningen? Besvar på en skala fra 1-5 der '1' er 'alt for lite omfattende' og '5' er 'alt for omfattende'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

**Begrunn svaret**

Det er vanskeleg å sjå korleis utdanninga skal/bør organiserast med utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivingar frå Retningsliner, frå Felles forskrift og frå høgskulen sin eigen studieplan og emneplanar. Å vurdere om dette er gjennomførbart blir difor ei altfor vanskeleg øving.

277/4000

**Er ferdighetstreningen i utdanningen tilstrekkelig vektlagt? Besvar på en skala fra 1 -5, der '1' betyr 'absolutt ikke tilstrekkelig' og '5' betyr i 'absolutt tilstrekkelig'**

1    2    3    4    5    Vet ikke

**Begrunn svaret**

Ferdighetstrening ligg implisitt som element i mange av læringsutbyttebeskrivingane, fordi desse ikkje kan oppnåast utan ei viss grad av trening i ulike faglege ferdigheiter (praksis og utvikling av metodekompetanse)

217/4000

**Den delen av studiet som foregår i praksis er omtalt under studiets oppbygging. Er det flere eller andre forhold knyttet til praksisstudiene som bør inn i retningslinjene?**

Omfang av praksis bør normerast.

32/4000

**Er det andre høringsinnspill?**

Sjå eige skriv

14/4000

<< Tilbake

Neste >>

78 % fullført

© Copyright [www.questback.com](http://www.questback.com). All Rights Reserved.